

# ÅRSMELDING FOR STRANDA SOGELAG 2021

## Styret har i perioden vore:

Velaug Vassbotn, leiar  
Harald Lied  
Fredmøy Wollen  
Ola Ødegård  
Marie Hjørungdal Lied

## Varamedlemer:

Åse Helen Stadheim  
Ola Lied  
Oddvar Gausdal  
Svein Parr  
Arne Ringdal

**Sekretær:** Tordis Urke

**Revisor:** Sigmund Berge

**Sogelaget har dette året halde 9 styremøte og 46 saker har blitt handsama. Medlemstalet var ved utgangen av året 356, ein nedgang på 63 på frå året før.**

## Årsmøte.

Det vart halde årsmøte på Storfjord Kulturhus, Kalvehagen, 01.06.2021 kl. 19:00. Leiar Velaug Vassbotn opna årsmøtet med å ønskje alle velkomne.

- Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
- Velaug Vassbotn vart vald til møteleiar, Tordis Urke til referent, Lars Jakob Skarbø og Liv Sørheim til å skrive under protokollen.
- Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.
- Årsrekneskapen vart godkjent utan merknader.
- Fastsetjing av årskontingent. Styret har gått inn for å auke kontingenten for 2022 til kr 400,- pr år inkludert Bygdeminne og årsmøtet slutta seg til dette.
- Val av styremedlemer og varamedlemer. Ola Lied og Inge Bjørdal hadde sagt frå seg attval som styremedlemer. Rolleiv Berge og Liv Sørheim ønska ikkje attval som vararepresentantar. Valnemnda la fram si innstilling og følgjande vart valde ved akklamasjon :

## Styret

|                                    |           |              |
|------------------------------------|-----------|--------------|
| Styremedlem: Velaug Vassbotn       | 2020-2022 | ikkje på val |
| Styremedlem: Harald Lied           | 2020-2022 | ikkje på val |
| Styremedlem: Fredmøy Wollen        | 2020-2022 | ikkje på val |
| Styremedlem: Ola Ødegård           | 2021-2023 | ny           |
| Styremedlem: Marie Hjørungdal Lied | 2021-2023 | ny           |

## Varamedlemmer:

|                    |           |              |
|--------------------|-----------|--------------|
| Ola Lied           | 2021-2022 | ny           |
| Arne Ringdal       | 2020-2022 | ikkje på val |
| Åse Helen Stadheim | 2021-2023 | ny           |
| Svein Parr         | 2021-2023 | ny           |
| Oddvar Gausdal     | 2021-2023 | attval       |

**Styreleiar:** Velaug Vassbotn 2021-2022 attval

## Valnemnd:

|                 |           |              |
|-----------------|-----------|--------------|
| Inge Bjørdal    | 2021-2024 | ny           |
| Kåre Stadheim   | 2020-2023 | ikkje på val |
| Anne Lise Lunde | 2019-2022 | ikkje på val |

## Revisor:

|               |           |        |
|---------------|-----------|--------|
| Sigmund Berge | 2020-2021 | attval |
|---------------|-----------|--------|

## Representantar for Stranda Sogelag.

Tor Arne Tryggestad er Sogelaget sin representant i styret for Hellesylt Bygdetun.

## Aktivitetar

Også 2021 vart eit pandemiår med skiftande reglar for samlingar, men med nokre opningar for publikumsretta aktivitetar.

- **Årsmøtet** for 2021 vart også dette året utsett, men vart gjennomført 01.06.2021. I tillegg til vanlege årsmøtesaker kunne vi endeleg markere Stranda Sogelag sin vernepris for 2020. Styret hadde tidlegare bestemt at verneprisen for 2020 skulle tildelast Gunhild og Reidar Overvoll for arbeidet med restaureringa av den gamle Strandastova i Larsgarden, Overvoll. Men overrekkinga kunne ikkje gjennomførast i 2020. Reidar Overvoll viste bilete slik at årsmøtet fekk eit innblikk i arbeidet. Til slutt fekk familien overrekket plakett laga av Rolv Saure og blommar.
- **Husflidsmessa 2021**  
Husflidsmessa vart gjennomført på Storfjord Kulturhus 30.10.2021. Sogelaget deltok med ein stand med bøker til sals. Mykje folk var innom og vi selde bøker for over 2000 kroner.
- **Kulturkvelden 08.11.21**  
Det var ei stor glede å kunne invitere til kulturkveld igjen. Om lag 115 personar hadde funne vegen til Storfjord Kulturhus denne novemberkvelden. Fyrste post på programmet var dei flinke ungdomane Tora Overvoll, Janne Nordholmen Urkegjerde og Marianne Remme Habostad som framførte ein komposisjon dei vann ein landsdekkande konkurranse med. Gunnar Inge Eide og Erik Torset hjalp til på flygel og slagverk.  
Asbjørn Tryggestad framførte eit interessant kåseri med minne frå oppveksten på Tryggestad. Mange kunne kjenne seg att i det han fortalde. Han knytte minna flott saman med vakre dikt av lokale diktarar og andre.  
Årets Bygdeminne vart presentert av redaktør Harald Lied og seinare utlevert til medlemene under matpausen med kaffi og julebrød.  
Til slutt vart del 2 av filmen med Jenny Siem vist.

## Bygdeminne.

Bygdeminne 2021 var nr. 38 i rekkja og hadde eit opplag på 600. Sidetalet var 160. Nytt av året var at lokale bedrifter vart bedne om å kjøpe støtteannonsar til Bygdeminne. Vi fekk god respons på dette. I redaksjonsgruppa for Bygdeminne sat Harald Lied (redaktør), Kåre Stadheim og Arne Inge Tryggestad. Denne gruppa har stått for både innsamling og produksjon av stoff. Arne Inge Tryggestad har stått for det grafiske arbeidet og all kontakt med trykkeri og innbindar. Ei skrivegruppe hjelper den ansvarlege gruppa med å digitalisere stoff som er innlevert til redaksjonen. Også dette året har Signy Mork, Anne Lise Lunde og Lars Jakob Skarbø vore med i gruppa. Sogelaget er svært takksame for dei trufaste leverandørane av stoff til Bygdeminne og for nokre nye.

### **Foto og filmregistrering.**

Dette året har det ikkje vore felles samlingar for dei som er med i fotoregistreringsgruppa, men dei fleste har arbeidd på eiga hand med tildelte oppgåver. Ragnar Albertsen ved Fylkesfotoarkivet, som sogelaget har hatt godt samarbeid med, vart pensjonist på slutten av 2021. Vi ser fram til å samarbeide med nyttilsett fylkesfotoarkivar Anne Tømmervåg. Kåre Stadheim er leiar av fotogruppa.

Lars J. Skarbø har også dette året utført digitalisering og redigering av levande film. Nye filmprosjekt med intervju av personar i lokalmiljøet er ikkje avslutta. Arne Vassbotn, Ståle Thunem, Kåre Stadheim og Lars Jakob Skarbø har vore med på dette arbeidet.

### **Berge Trevarefabrikk**

Styret i venneforeininga har vore Roger Arne Furset (leiar), Ivar Berge, Sverre Drege og Erling Hagebakk. Det har vore liten aktivitet i venneforeininga også dette året. Koronaen har sett stoppar for dugnad og andre tiltak.

### **Heimesida til Stranda Sogelag**

Etter at Tove Bäckstrøm hadde avslutta sitt arbeid med å setje opp og få i funksjon heimesida, vart lite gjort. Styret ynskte opplæring i korleis bruke WordPress. I slutten av april starta Lars-Thørner Woie opp eit digitalt kurs via Teams med 6 deltakarar. Vi hadde to kurskveldar før det vart opphald av ymse grunnar. Styret kom til at ein ikkje hadde kompetanse, heller ikkje med kursing, til å drifte heimesida på dugnad. Difor avslutta vi kurset og leigde Lars-Thørner Woie til å legge om, fornye og drifte heimesida, i fyrste omgang ut august 2022. Ein ny versjon der også nettbutikk vil bli ein del av tilbodet, er snart klar til bruk.

### **Bokprosjekt og boklager**

- Sogelaget disponerer eit lokale i kjellaren på kommunehuset i Øyna. Her vert restopplag av bøker og diverse anna materiell oppbevart. Deler av styret og sekretær var der i september for å rydde og eventuelt vurdere kva som kunne fjernast. Arbeidet vart ikkje avslutta. Nokre veker seinare fekk vi beskjed om vassinntrenging, pga. store nedbørsmengder, i same lokale. Heldigvis sto mesteparten i hyller eller på pallar, men nokre bokkasser vart våte og måtte destruerast.
- Ved gjennomgang av boklageret vart det oppdaga at vi var nesten heilt utselde av Stranda Bygdebok III, Ættebok (Bind A, busette i Stranda og Liabygda) medan vi hadde ca 100 av bind B ( utflytte frå Stranda og Liabygda ). Begge bøkene kom i ny utgåve i 1996. B-boka er heilt verdiløst utan A-boka. Fleire har meint at vi burde setje i gang med nye, oppdaterte ættebøker for å få med alle endringar etter 1996. Etter å ha drøfta dette, valde styret å prøve å få trykt eit nytt opplag av A-boka. Dette var komplisert med nedlagde trykkeri og datafiler som ikkje kunne brukast. Løysinga vart å skanne heile boka utan å gjere endringar i innhaldet. Vi fekk avtale med eit trykkeri som både ville skanne alle sidene og stå for innbindinga.
- Ikkje publiserte dikt av lokale diktarar frå kommunen. Ein komite med Asbjørn Tryggestad, Ola Lied, Fredmøy Wollen og Marie Hjørungdal Lied har teke imot tips på aktuelle dikt. Arbeidet vil halde fram.

**Økonomi.**

Rekneskapen for 2021 er avslutta med eit overskot på kr 6665,- før finans og kr 15101,- etter finans.

Stranda, 14.03.2022

Velaug Vassbotn

Harald Lied

Fredmøy Wollen

Ola Ødegård

Marie Hjørungdal Lied